

**Til
Medlemane i finanskomiteen
Partigruppene**



Innspel til handsaminga av Prop 78 LS Grunnrenteskatt på havbruk.

Sogn og Fjordane Næringsråd sende høyringsuttale til regjeringa v/finansdepartementet om «lakseskatten» 4. januar og ønskjer å sende eit innspel til finanskomiteen si handsaming av Prop. 78 LS Grunnrenteskatt på havbruk.

Havbruksnæringa, leverandørindustrien og mange innbyggjarar langs kysten ventar i desse dagar i spenning på Stortinget si handsaming av saka om grunnrenteskatt på havbruk.

Dyktige bedriftseigarar og samfunnsengasjerte innbyggjarar har siste 50-60 åra utvikla ei av dei viktigaste næringane i landet. I tillegg til å skape store verdiar som er med på å finansiere velferdsstaten, produserer dei sunn og god mat både for innbyggjarane i Norge og i mange andre land.

Det er svært mange enkeltsaker i regjeringa sitt forslag som vart lagt fram i september 2022 som framleis skapar stor uro i dei små og familieeigde oppdrettsselskapa.

Vi reagerer mellom anna på følgjande:

- Auken i produksjonsavgifta (arealavgifta) frå 40,5 øre til 90 øre pr kg, og fjerning av frådramsretten for denne. Dei små blir sterkt råka av dette forslaget.

Oppdrettarane er frå før pålagde å betale fleire avgifter uavhengig av resultat, - så som forskingsavgift, marknadsavgift og eigedomsskatt (i kommunar som har innført slik skatt). Forslaget om auka produksjonsavgift inneber at eit selskap som produserer 6.000 tonn sløgd laks/aure må betale 5,4 mill. kroner i produksjonsavgift årleg, sjølv med underskot på drifta. Og som om ikkje det var nok, så ligg det i forslaget at frådramsretten for produksjonsavgifta i alminneleg inntekt blir tatt bort. Dette også bidrar til kraftig auka skattebyrde. Dette står i grell kontrast til utsegner frå regjeringa om at oppdrettsselskapa ikkje skal betale skatt av eit overskot dei ikkje har.

- Argumentasjonen for innføring av grunnrenteskatt i oppdrett er basert på at næringa har hatt avkasting ut over eit normalavkastingskrav på 4 %. Kapitalavkastinga i alle «marknadsretta fastlandsnæringar» var alle år i perioden 2003 til 2018 over **10 %** (kjelde: SSB-rapport 2019/34, figur 2.1). Risikoen i matfiskproduksjon er vesentleg høgare enn i dei fleste andre næringane. Kvifor blir det då argumentert med at avkasting ut over **4 %** gir grunnlag for ekstra skatt frå lakseoppdrett?
- Finansdepartementet argumenterer med at grunnrenteskatten innført som ein kontantstraumskatt verkar nøytralt på kapitalbruken i bedriftene. Skatteforslaget inneheld mange brot på resonnementet og symmetrien:
 - Staten kjem ikkje inn med pengane sine i investeringsaugneblinken. Dette er forståeleg nok, men det er eitt av punkta som tar bort symmetrien.

- Staten kjem ikkje ein gong inn med pengane sine ved skatteoppgjeret året etter dersom investeringa gir negativ grunnrenteinntekt, i motsetnad til kva den gjer med petroleumsnæringa og kraftbransjen.
- Det blir ikkje gitt frådragsrett for finanskostnader ved utrekning av grunnrenteinntekt, korkje for finansiering av investeringar eller biomasse. Det kostar å halde eit varelager (biomasse) på fleire hundre millionar kroner, men departementet synest å ha gløymt det, ikkje berre i høyringsnotatet av 28.09.22, men også i Prop 78 LS.
- Departementet legg opp til at det heller ikkje blir gitt frådragsrett for marknadsavgifta på 0,3 % av salsverdien av laks/aure som oppdrettarane betaler, trass i at denne avgifta bidrar til å løfte verdien av fisken også ved merdkanten.

Staten vil ha altså ha sin del av inntektene frå sal av laks/aure, men tar ikkje sin del av alle kostnadene. Symmetrien er øydelagt. Det same gjeld resonnementet til departementet.

- Selskap med tidsavgrensa løyve på særlege vilkår (utviklings-, stamfisk-, FOU- og undervisningskonsesjonar) får auka skatt med forslaget, noko som er underkommunisert av departementet. Dette skjer som følgje av at produksjonsavgifta er regulert i Særavgiftslova med forskrifter. Der er det ikkje gjort unntak for nemnde konsesjonstypar.
- Det vart kommunisert i pressekonferansen i slutten av mars at regjeringa har lytta til næringa og auka botnfrådraget til 70 mill. kroner, men den som les § 19-8 i lovforslaget og omtalen på side 64 i Prop 78 LS, vil sjå at det reelle botnfrådraget blir 54,6 mill. kroner, altså om lag det same som lågaste alternativ (54 mill. kroner) som vart presentert 28.09.22.
- Skatteauken er innført utan vurdering av konsekvensane for dei som blir ramma, stikk i strid med Utredningsinstruksen av 19.02.2016.

Konklusjon

Stortinget og fleire regjeringar har gjenteke kor viktig havbruksnæringa er for verdiskaping og næringsutvikling på kysten og nasjonalt. Havbruksnæringa fortener respekt for arbeidet dei gjer og ikkje slik det har vore siste åra med meiningslause og øydeleggande skatteforslag.

Ingen kan meine at ein skal betale skatt av inntekter ein ikkje har, og det må politikarane på Stortinget ta innover seg når saka skal handsamast. Vi meiner skattlegging av oppdrettsselskapa bør vere overskotsbasert, slik som i andre næringar, og at skatten må ned på eit fornuftig nivå. Skatteforslaget råkar alle oppdrettsselskapa og set utviklinga av heile næringa i spel.

Førde 3. mai 2023



Dagleg leiar i Sogn og Fjordane Næringsråd